



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat,
Konsesjonsavd.
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 15.09.2021
Vår ref: 21/05152-2
Deres ref:

Fråsegn utan merknad til høyring av revisjonsdokument for Steinslands-/Modalsvassdraget i Modalen, Vik, Vaksdal og Høyanger kommunar

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG,NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 6. juli 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter vassressurslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saken

På bakgrunn av krav frå Modalen kommune, samt felles kravdokument frå kommunane Voss, Vaksdal, Vik og Kvam og føringar frå NVE, har BKK utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med.

Fråsegn utan merknad frå DMF

DMF kan ikkje sjå at det føreslegne revisjonsdokumentet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at saka gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til høyring av revisjonsdokument for Steinslands-/Modalsvassdraget i Modalen, Vik, Vaksdal og Høyanger kommunar.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Øyvind Wormdal Selboe
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Øyvind Wormdal Selboe

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat,
Konsesjonsavd.

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: